



Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement

Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Birte Aasen

Vår ref. Telefon  
2010/859 - 0 -  
22835/2010

Arkivkode: Dato:  
026 23.09.2010

## Høyringsuttale - ny muleg modell for samkommune

Formannskapet i Lindås kommune utpeika i møte 06.05.2010 ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utarbeida høyringsuttale om ny muleg modell for interkommunale samarbeid i form av ein samkommune.

I høyringsnotatet frå departementet, der det vert foreslått endringar i kommunelova, vert ein ny mogeleg modell for interkommunalt samarbeid i form av ein samkommune beskrive. Samkommunemodellen er tiltenkt interkommunale samarbeid mellom fleire kommunar, om eit breitt spekter av oppgåver/ tenester innanfor kommunens lovpålagte oppgåver.

Kommunane i Nordhordland har inngått mange ulike typar interkommunale samarbeid. Kva kommunar som samarbeidar varierar frå område til område. Dersom det skulle vera aktuelt for kommunane i Nordhordland å etablere ein samkommune måtte ein ha samla ei rekke samarbeidsområde under denne, det tykkjest urealistisk å få til. Vertskommunemodellen har vore ein god modell for interkommunale samarbeid i denne regionen. Lindås kommune meiner at samkommunemodellen vanskeleg kan dekke eit behov for organisatorisk overbygning for interkommunalt samarbeid i Nordhordland.

Høyringsinstansane vert særleg utfordra på å kommentera tre punkt i høyringsforslaget. Om samkommunemodellen vert vedteke, har vi følgjande kommentarar til dei tre punkta:

### **Punkt 3.7 Samarbeidsmodell for kommunar og fylkeskommunar**

Departementet ber om at høyringsinstansane gjev tilbakemelding på om det innanfor enkelte sektorar kan vera behov for samarbeid organisert som samkommune der både kommunar og fylkeskommunar deltek.

- Punkt 3.7 Samarbeidsmodell for kommunar og fylkeskommunar

Behovet for denne type samarbeid er ikkje framtrudande, men ein kan ikkje utelukke denne typen samarbeid i framtida. Lindås kommune støttar departementets forslag om nærare utredning på dette punktet før ein tar det inn i lova.

### **Punkt 3.8 Særlege krav til vedtak om å delta i ein samkommune**

Departementet ber om tilbakemelding om kommunane ynskjer at kommunelovas berande prinsipp om alminneleg fleirtal skal gjelde, eller om ein bør stille særlege krav til vedtak om deltaking i ein samkommune gjennom kvalifisert fleirtal.

- Punkt 3.8 Særlege krav til vedtak om å delta i ein samkommune

Kommunelovas berande prinsipp om alminneleg fleirtal bør vera tilstrekkeleg for å fatte vedtak om deltaking i ein samkommune.

Ei mellombels løysing med utsetjande veto vil medføra unødvendig bruk av tid, og framstår ikkje som ei god løysing.



### **Punkt 3.9.2 Samkommunen er eit eige rettssubjekt**

Departementet ber om tilbakemelding om det bør opnast for at ein samkommune kan eige aksjeselskap, interkommunale selskap mv.

- Punkt 3.9.2 Samkommunen er eit eige rettssubjekt

Lindås kommune støttar forslaget om å lovfesta at ein samkommune er eit eige rettssubjekt. Lindås kommune meiner vidare at ein ikkje bør avgrensa samkommunens rettslige handleevne, og at samkommunen derfor bør kunne både delta i andre samanslutningar, etablere stiftingar og delta i selskap.

### **Konklusjon:**

Samkommunemodellen verkar å vere ei finmaska, detaljert og byråkratisk organisasjonsmodell. Krava til samstemmighet og koordinering kommunane i mellom vert så høge at modellen vanskeleg å ta i bruk.

Lindås kommune meiner at om det er grunnlag for at samkommunar kan etablerast, er det grunn til å meine at kommunesamanslåing er eit betre og meir riktig alternativ.

Med helsing

for arbeidsgruppa

Birte Aaser

Stabs – og forvaltningssjef